

# Rekneskapsmedarbeidar – ledig 100 % fast stilling med tilsetjing snarast

## Om skulen

UWC Røde Kors Nordisk er ein internatskule for 200 elevar i alderen 16-19 år, frå meir enn 80 ulike land. Elevane gjennomfører eit to-årig studieprogram - International Baccalaureate (IB) Diploma. Skulen starta opp i 1995 og er mellom anna finansiert av offentlege midlar frå dei nordiske landa, og ligg idyllisk plassert ved Flekkefjorden i Fjaler kommune på Vestlandet.

Skulen har omlag 65 tilsette og har to datterselskap, UWC Connect AS og Verdsgrenda Eigedom AS. UWC Connect har ansvar for andre aktivitetar som mellom anna leirskule, sommarleirar og som vertskap for ulike grupper som kjem for å oppleve det unike miljøet på skulen. Verdsgrenda Eigedom AS eig og forvaltar bygg på eigedomen.

Økonomi- og personalavdelinga held til i administrasjonsbygget på skulen, og er ansvarleg for økonomisk planlegging, rekneskap, løn og HR/personalforvaltning. Vi yter tenester til alle tilsette, elevar, foreldre og eksterne partnerar. Vi brukar i dag Visma sine system for rekneskap og løn (Visma Business og Visma Lønn). Vi samarbeider med Accountor HAFS i og med at vi brukar deira datavarehusløyning, og har jamnlege kontakt og møter. Dette gjer oss i stand til å vere best mogleg oppdaterte i høve endringar av system, lover og reglar.

## Hovudoppgåver for rekneskapsmedarbeidar:

- Bilagsføring
- Behandle inngåande faktura
- Utfakturering
- Avstemming
- Lønsarbeid
- Rapportering til offentlege myndigheiter (Skatt, Mva, NAV mm)
- Handtering av kontantar og veksling av valuta (i eigen elevkasse/terminal)
- Førefallande rekneskapsarbeid

Arbeidsoppgåvene kan i noko grad tilpassast kompetansen til søkjaren. Du vil samarbeide tett med eit administrativt team, hovudsakleg med Finance Manager og HR-ansvarleg.

## Søkjaren sin profil

### Følgande kvalifikasjonar vil vere ein fordel

- Økonomisk utdanning på høgskulenivå eller relevant erfaring
- Kunnskap innan avgiftshandtering – skatt og mva.
- Det er eit krav at ein kan kommunisere på engelsk og norsk, både munnleg og skriftleg (men vi brukar norsk til dagleg tale og som arbeidsspråk)

***Dersom du ikkje har relevant utdanning eller erfaring kan du likevel vere personen vi ser etter. Har du interesse for å arbeide med tal og ynskjer å lære, vil vi legge til rette for intern opplæring med målsetting om at du skal mestre arbeidet som følger med stillinga. Like viktig som utdanning og erfaring er difor dei personlege eigenskapane dine.***

## Vi treng nokon som er:

- Strukturert, nøyaktig og effektiv
- Kvalitetsbevisst og systematisk
- Serviceinnstilt og påliteleg
- Positiv og aktiv bidragsytar til eit godt arbeidsmiljø
- Sjølvstendig, men likevel ein lagspelar

## Kva kan vi tilby deg?

- Eit inkluderande og kjekt arbeidsmiljø med god takhøgde og trivelige og dyktige kollegaer
- Gode pensjons- og forsikringsordningar
- Tilgang til skulen si kantine
- Tilgang til treningsrom og basseng ved Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter (næraste nabo)
- Ulike sosiale arrangement

Dersom du er nysgjerrig på denne stillinga og ynskjer å finne ut om dette kan vere noko for deg, vil vi svært gjerne at du sender ein søknad eller at du kontaktar oss.

Dersom du ynskjer å sende søknad og CV, gjer du dette ved å sende e-post til: [appointments@uwrcrn.no](mailto:appointments@uwrcrn.no)

Ynskjer du å ta ein prat med oss fyrst, kan du anten kontakte HR-ansvarleg **Leif Arne Skaar, 913 35 723**, eller vår Finance Manager **Vanja Guddal, 924 15 768**.

## Søknadsfrist 01.03.2024

Ein må legge fram politiattest før ein kan ta til i stillinga.